



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
28.09.2018  
Dykkar dato  
31.08.2018

Vår referanse  
2015/2188 421.4  
Dykkar referanse  
15/194

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale til 2 gongs Offentleg ettersyn av reguleringsplan for Sjurneset

Vi viser til brev frå kommunen datert 31.08.2018, med kunngjering av 2. gangs høyring av reguleringsplan for Sjurneset.

Fylkesmannen i Hordaland hadde motsegn til planframlegget som vart sendt ut til 1. gangs høyring i november 2017 og det har no vorte utarbeidd nytt framlegg til reguleringsplan.

Fylkesmannen er nøgd med at rorbuene er trekt vekk frå sjøkanten og at det er lagt til rette for allmenta i forkant av rorbuene. Det skal også verte eit klart skilje mellom innmark og utmark i forkant av rorbuene.

Vi meiner område f\_SK2 i forkant av rorbuene er eit viktig rom for folk i bygda og at det er viktig at det vert opparbeida på ein god måte. Det bør difor leggjast inn eit rekkjefølgjekrav om opparbeiding av f\_SK2 før det kan gis midlertidig bruksløyve eller ferdigattest for BFK1.

Fylkesmannen trekkjer med dette motsegna til reguleringsplanen, men rår strek til at det vert lagt inn rekkjefølgjekrav til f\_SK2.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*